



Cruise-båtane damper forbi Uskedalen – førebels. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- cruisekai mogleg også i Uskedalen?

Eidfjord, som i mai 2005 fekk den første cruisekaia i Hardanger/Sunnhordland, får denne sommaren 64 anløp med rundt rekna 50.000 turistar, medan talet på anløp i fjor var 27.



Cruiseskipet Lily Marlen ved kaia i Eidfjord i førre veka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er grunn til å tru at kvar turist legg att 250 kroner i lokalsamfunnet under deira opphald på frå fire til ti timar, noko som gjev ein samla sum på 12,5 millionar. Men avgifta for anløp/kaiplass gjev ein enda større sum, opplyser turistsjefen.

Folk i Uskedalen som meiner at Børnes-kaia bør kunne bli cruisekai seier at inntektene i høgste grad bør inspirera også uskedalingane til å satsa på eit slikt prosjekt. Men det er sjølvstøtt ein føresetnad at passasjerane får eit tilbod av ein eller annan art også i denne bygda.

Rosendal har 37 cruiseskip innom denne sommaren, men dei må betjenast med småbåtar fordi staden ikkje har nokon cruisekai. Mange meiner at det bør komma ei slik kai også i ytre Hardanger/Sunnhordland.

Å få i land til dømes 700 passasjerar med dei såkalla fendarane tek meir enn ein time, opplyser turistsjef Ann-Beth Skjæveland, som også har gjeve

uskedalen.no dei andre tala.

Vi har vore i Eidfjord og sett ein slik operasjon. Då vitja to skip staden samstundes og passasjerane frå den eine måtte transporterast med fendarar.

Avgifta blir berekna utfrå tonnasje og turistsjefen kan ikkje på ståande fot svara på kor mykje den utgjør i Eidfjord, anna enn at den representerer ein høgare sum enn inntekta frå turistane. Ein del av avgifta går til kommunen og ein annan del til turistkontoret, men turistsjefen minnar om at den store investeringa som kaia utgjør også skal forrentas.

Pensjonert maskinsjef Einar Pile i Uskedalen meiner det allereie no bør vera uproblematisk å ta i mot båtar på 30.000-40.000 tonn på Børnes, der djupna er 10 meter på det grunnaste. Børnes-kaien er berre 65 meter lang, men Pile ser ikkje det som noko problem fordi ein kan finna forankringspunkter i fjell utanfor kaiområdet. Kommunens kai-ansvarlege Ivar Kåre Røssland er heller skeptisk og peikar på at det stillast andre og meir omfattande krav til ein cruisekai enn til ein industrikai.

Cruisekaien i Eidfjord har ein prislapp på 26 millionar og er finansiert av Eidfjord kommune og fylkeskommunen. Både kapteinar og rederirepresentantar uttaler seg svært rosande om kaia og viser til både sikkerheitstiltak, stilfull arkitektonisk utforming og funksjonalitet med omsyn til passasjerhandsaminga. Hamna har da også vunne prisen Most Improved Port Facilities for 2005, som det prestisjefylde magasinet Dream World Cruise Destinations står bak. Bak denne kåringa ligg nominasjonar frå lesarane, som i stor grad er rederi og cruiseagentar.

Av Ola Matti Mathisen



Fendarar i aksjon i Eidfjord – denne gongen er det Fred Olsens Braemar som ligg ute i fjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen).